

Berbar pc til elevar.

Til rektor ved [navn] ungdomsskule.

Elevar ved [navn] ungdomsskule 8 trinn får kvar sin berbar pc til eit skriveprosjekt for og forbetre skrivinga si i alle fag. Dette synest eg at vår skule også burde prioritere og melde oss på. Eg skal prøve og forklare kvifor eg meiner at vi burde bli med .

Kostnaden vil verte mellom 500 000 kr og 900 000 kr, men vist alle steller sin pc veldig bra kan dei vare i fleire år, men vist alle får ein pc kvar vil vi også kunne sleppe og kjøpe nye skrivebøker, lesebøker, blyantar, viskeler og det andre som også følger med. Det vil koste pengar, men eg trur det vil bli betre for dei fleste, med at dei slepper og bere på tunge bøker kvar dag. For mange er det vanskeleg og hugse alle bøkene sine, og dei får merknadar.

Eg trur også at det vil bli ein kjekkare undervisning. Eg vil kalle det og ta eit skritt nermare framtida, fordi eg meiner at meir og meir vert gjort med data og teknologisk utstyr. Derfor er det viktig at vi blir gode og bruke og skrive på data. Det vil også lære deg og arbeide på data og ikkje berre spille spill.

Somme trur at elevane vil komme til og øydelegge pc'ane. Her er nokre tips til at det ikkje skjer. Eg trur at vist vi kommer til og investere i berbar pc kan det vere lurt og lage ei kontrakt med elevane om at viss dei øydelgjer dataen sin med virus eller noko anna, må dei betale for ei ny. Men vist det er med vilje vil dei ikkje få fortsette med data undervisning. Det er også lurt og blokkere sider med upassande innhald. Noko som er veldig viktig er og ha forsikring , og alle skrive og retteprogram.

Det vil kanskje verte dyrt, men eg trur fortsatt det er ei positiv investering både for elevar og lærarar. Eg håpar at dette brevet har gitt deg eit positivt innblikk i spørsmålet om og kjøp av berbar pc til alle elevar ved 8 trinn. Tenk på det som ei fornuftig investering.

Vennleg helsing [navn] , 8b

2.10.2013